

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Ronny Mehus Rugland	K1-223	26/890

Saksnr	Utval	Type	Dato
005/26	Fondsstyret Ulla-Førre næringsfond	DK	

Fattnes bakeri - søknad om støtte i frå Ulla Førre næringsfond til oppstart og kompetanse

Kommunedirektøren har vurdert søknaden og gjort slikt vedtak:

Fattnes bakeri får kr 5000,- i støtte til kompetanse

Fattnes bakeri får avslag på søknaden om støtte til etablering

Sand, 27.08.2026

Fakta

Fattnes bakeri søker om støtte til etablering. Frå søknadern om støtte til etablering *“Fattnes Bakeri har over fleire år også vore ein aktiv deltakar i prosjektet Matskattar frå Suldal, der landbruk og reiseliv samarbeider om å utvikle lokalmat, opplevingar og nye forretningsmoglegheiter. Gjennom prosjektet har me vore med på å styrkje Suldal si merkevare som matdestinasjon. Me ønskjer å halde fram med dette samarbeidet, og ser bakeriet som eit viktig bidrag til vidare utvikling av lokalmat- og opplevingstilbodet i kommunen. Etableringa av bakeriet er starten på ei langsiktig satsing som me ønskjer å utvikle vidare i åra som kjem. Det er allereie investert betydelege eigne midlar i verksemda, og investeringane legg grunnlaget for ei berekraftig og framtidsretta tilleggsnæring på garden. Planen er å byggje ut verksemda steg for steg gjennom nye investeringar, vidareutvikling av produkt- og opplevingstilbodet og auka kapasitet. Med vidare vekst ser me også eit potensial for å skape ein ekstra arbeidsplass med tida.”*

I søknaden er det lagt ved fakturaer i frå 2022 og 2023.

Fattnes bakeri søker om støtte til kurs. Frå søknaden om kompetanse

“Vekstprogrammet «Marknad – frå strategi til sal» er eit praktisk utviklingsprogram retta mot små og mellomstore bedrifter med ambisjonar om vekst. Programmet gir deltakarane kompetanse innan marknadsforståing, strategi, forretningsmodell, posisjonering, sal og marknadsføring. Gjennom fire samlingar og individuell oppfølging frå forretningsutviklarane i Næringshagen får deltakarane utvikla ein konkret marknads- og vekstplan som kan nyttast i den vidare utviklinga av verksemda. For Fattnes Bakeri vil denne kompetansen vere eit viktig grunnlag for å styrkje marknadsposisjonen, nå nye kundegrupper og vidareutvikle verksemda på ein målretta og berekraftig måte. Investering i kompetanse er ein viktig føresetnad for å sikre at dei investeringane som allereie er gjorde i etableringa av bakeriet, gir størst mogleg verdiskaping på sikt.” Kurset kostar kr 10.000,-. Det blir søkt om kr 5.000,-.

Økonomiske konsekvensar

Fondet kan gje ut kr 3 millionar kr i året.

Gjeldande planar, retningslinjer og vedtak

Vedtekter og retningslinjer for Ulla Førre næringsfond

Vurdering og konklusjon

Ulla Førre næringsfond kan gje etableringsstøtte til nye verksemder for å lette/finanisere oppstarten. Denne verksemda blei oppretta i 2022/2023 og viser til fakturaer i frå den tida. Verksemda er allereie godt etablert og feller ikkje inn under kategorien nystarta. Kommunedirektøren ønsker å støtte kompetansesøknaden.